

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Kommunestyresalen, Skjåk kommunehus, Moavegen 30, 2690 Sjåk,

Dato: Måndag 21. november, 2022

Møtt:

Kommune	Medlemmar	Deltok	Varamedlemmar	Deltok
Dovre	Frode Faksvåg	Teams	Inger Marie Aalbu	
Lesja	Liv Enstad	Ja	Einar Utgaard	
Lom	Jon Sjugard	Ja	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Teams	Arne Hauge	
Fjord	John Helge Larsen	Nei	Monika Tettli	Teams
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli	Teams	Arne Hoem	
Skjåk	Randi Rust	Ja	Thorstein Åmodt	
Stranda	Steinar Aanning	Nei	Torill Ansnes	Nei
Stryn	Johan Berge	Ja	Karoline Hatledal	
Vågå	Pål Grev	Ja	Karola Wenzel	
SF M&R	Andreas Sandnes Granli	Teams		
Sekretær	Tor Taraldsrud	Ja		

Program:

Måndag 21. november

- 11:30 Oppmøte i Bismo.
Lunch på [Skeid kro](#)
- 12:30 Møte i nemnda
- 16:00 Avslutning

Vedlegg til sak nr:

23. Vedlegg samansett – Gjetarbu Lordalen
24. Vedlegg samansett og kopi av protokoll frå 2016 og 2017 i nemnda - Glitterbu
26. Kvalitetsnorm for villrein – brev frå MD

Innhald

22. Godkjenning og innkalling av sakliste 2
23. Søknad om oppføring av gjetarbu ved Korkuttjønne i Lordalen, Lesja..... 2
24. Søknad om oppføring av ny Glitterbu II 5
25. Søknad om oppføring av skilt i Reinheimen nasjonalpark og Lesjaskog heimrast til Brennhø – høyring til villreinnemnda. 9
26. Orienteringssak: Oppfølging av kvalitetsnormen for villrein – utarbeiding av tiltaksplaner 12
27. Orienteringssak – referat frå møte i villreinrådet 14, november v/ Randi Rust 13
28. Orienteringssak – økonomi 13
29. Orienteringssak – gjennomføring av villreinjakta i 2022..... 14
30. Referatsak - Sak 19-22 Omsyn til villrein til samband med rehabilitering av dam Berildvatnet - NVE - høyring 16
31. Neste møte i nemnda 17
32. Eventuelt..... 17

Sakliste:


22. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste
Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

23. Søknad om oppføring av gjetarbu ved Krokuttjønne i Lordalen, Lesja

Villreinnemnda har fått ei sak om oppføring av gjetarbu på høyring frå Lesja kommune og frå nasjonalparkstyret for Reinheimen. Det er Lordalen Beitelag som søker om løyve til oppføring av ei gjetarbu ved Krokuttjønne (ca 1550 moh) i Lordalen statsalmenning. Beitelaget skriv i søknaden at dei dekker om lag 150 km² og i 2021 vart det slept 3137 sau/lam på beite og i tillegg 495 storfe. Beitelaget har 25 medlemmar. Beitelaget disponerer to buer på sørsida av Lordalen (Trihøbue og Nørdre Bergbebue) samt ei bu på nordsida av dalføret (Skråkkbua) heilt i øst. Dei saknar ei bu på nordsida av Lordalen i området Søre Løyftet-Gjelutbotn. Dei meiner at ei bu ved Krokuttjønne er naudsynt for betre tilsynsarbeid i den nordvestlege delen av beiteområdet (sjå meir i vedlagte søknad).


Krokuttjønne ligg midt inne i leveområdet til villreinstamma i Reinheimen. I samband med kvalitetsnorm for villrein vart dette området karakterisert som kalvings og oppvekstområde, sommar- og haustbeite og vinterbeite. Villreinen brukar dette området heile året, men areal rundt Lordalen og nord for Lordalen er særleg viktige som kalvings- og oppvekstområde. Seinast 24. juni i år vart det funne mykje dyr i området Krokuttjønne / Digervarden/Grøndalen, da villreinutvalet hadde si årlege kalvetelling i lag med NINA.



Blå ring syner området der gjetarbua er tenkt oppført.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

3



Trekpassasje over Lordalen ved søre Løyfte/søre Berget

Det går ei viktig trekpassasje gjennom Lordalen. Den er avgjerande for trekk som går mellom frodige sommarbeiter i nord/vest og vinterbeiter i sør/aust. Dersom denne trekpassasjen blir mindre brukt p.g.a. auka menneskeleg aktivitet, kan det påverke villreinen sin arealbruk i heile Reinheimen, og villreinen vil få vesentleg redusert tilgang til områda som ligg i nordvest. Det vil ha store negative konsekvensar for villrein. Slik situasjonen er i dag er trekpassasjen tilstrekkeleg for villreinen, men det er viktig at den blir verande intakt også for framtida.

Dalsidene i Lordalen er blant dei meir frodige beiteområda for villreinen i Reinheimen og i år med tørre somrar er det spesielt viktig at villreinen har tilgang til desse beiteområda. På vårparten blir det ofte observert dyr i dalskråningane på bae sider av Lora, og det blir vanlegvis tidlegare snøfritt i desse områda. Området er lite utbygd, og framleis er det lite aktivitet og ferdsel i området. Dette er også ein ynskjeleg situasjon i framtida.

Normalt er det bruken av bygg og installasjonar som har størst effekt på villrein, ikkje sjølve installasjonen. Hytter og buer vil ofte trekke folk til seg og det blir eit område med meir menneskeluft og meir aktivitet noko som i sin tur påverkar villrein. I eit så viktig villreinområde som ein har her bør ein vera forsiktig med å etablere nye installasjonar. Kvaliteten til villreinstamma i vårt område er også vurdert i samband med kvalitetsnormen for villrein. Kvaliteten ble vurdert til middels. På sikt er det eit mål at dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet. Da må ein legge til rette for villrein i staden for å gjennomføre tiltak som kan ha negative konsekvensar.

Dersom gjetarbua likevel blir bygd må det vera klare restriksjonar på bruken av bua. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarande om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna.

Innstilling: Det bør ikkje bli gjeve løyve til bygging av gjetarbu i dette området sidan det er eit veldig viktig funksjonsområde for villrein. Dersom gjetarbua likevel blir

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

bygd må det vera klare restriksjonar på bruken av bua. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarande om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna.

Handsaming: Liv Enstad kom med ei alternativ innstilling:
Det kan bli gjeve løyve til bygging av gjetarbu. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt og ikkje i bruk i dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarande om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna. Det bør bli gjennomført synfaring av aktuelt område før endeleg plassering av bua med omsyn til villrein.

Forslag frå Johan Berge: Forslag til tillegg til innstillinga frå saksbehandlar: Dersom det blir gjeve løyve til bygging av gjetarbu bør det bli gjennomført synfaring av aktuelt område før endeleg plassering av bua med omsyn til villrein.

Det vart stemt over forslaget frå Liv mot innstillinga frå saksbehandlar med tillegget frå Johan.

Seks stemte for innstillinga frå sakshandsamar med tillegget frå Johan og tre stemte for forslaget frå Liv.

Vedtak: Det bør ikkje bli gjeve løyve til bygging av gjetarbu i dette området sidan det er eit veldig viktig funksjonsområde for villrein. Dersom gjetarbua likevel blir bygd må det vera klare restriksjonar på bruken av bua. Den skal berre bli brukt i samband med gjeting / tilsyn av husdyr og må vera stengt dei delane av året da det ikkje er husdyr på beite i dette området. Tilsvarande om behovet for gjeting i området fell burt bør bua bli fjerna. Dersom det blir gjeve løyve til bygging av gjetarbu bør det bli gjennomført synfaring av aktuelt område før endeleg plassering av bua med omsyn til villrein.

24. Søknad om oppføring av ny Glitterbu II

Skjåk Almenning har søkt Breheimen nasjonalparkstyre om oppføring av ny Glitterbu. Dei søkte også i 2016 og fekk løyve til å bygge ny bu på same stad som den gamle. Det byggeløyvet gjekk ut i 2019. No gjeld søknaden oppbygging av ny bu nærmare Glittervatnet og riving av eksisterande bu. Breheimen nasjonalparkstyre har bedt villreinnemnda om uttale (eit dokument med søknad, vedlegg og tidlegare behandling i Nasjonalparkstyret ligg vedlagt).

Villreinnemnda har behandla saka to gongar tidlegare, uttale i sak 33-16 og spesifisering av opningstidene til bua i sak 22-17 (eige vedlegg med desse to sakene)

Opplysningar i saka:

Hytta har eit areal på 26,5 m², 4 sengeplassar og ekstra madrassar. Det er kombinert opphaldsrom og soverom i hytta, i tillegg til eit vindfang med ved og utstyr. Hytta er ikkje musett, og med manglande isolasjon går det mykje ved – og hytta ber generelt preg av at ho er moden for utskifting, noko som har vore planlagt sidan 2010.

Frå Botn sæter til Glitterbu er det 3 km og høgdeskilnaden er på litt over 400 høgdemeter, noko som gjer at bua og området rundt er godt tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Om vinteren er det noko lengre sidan det ikkje er vinterbrøytt til Botn sæter. Hytta passar best til bruk vår, sommar og tidleg haust. Pga. manglande isolasjon er ikkje hytta eigna for bruk i vinterhalvåret. Hytta blir brukt av fiskarar, turgåarar og jegerar i alle aldrar. Almenninga har naust ved Glittervatnet slik at dei som leiger hytta kan låne båt og fiskegarn om dei vil. Hytta ligg svært sentralt til for dei skal jakte rein og småvilt. Alle hyttene til Skjåk Almenning er opne for allmenta og ligg tilgjengeleg til utleige for alle på www.inatur.no.

Utleigedøgn for Glitterbue (i tillegg kjem overnattingar i reinsjakta da den står open for alle):

2012: 20 utleigedøgn

2013: 47 utleigedøgn

2014: 57 utleigedøgn

2015: 45 utleigedøgn

2020: 41 utleigedøgn

2021: 47 utleigedøgn

Hytta har vore vinterstengt på den kaldaste årstida dei siste 5-6 år pga. det høge vedforbruket, og dei to siste åra har hytta også vore stengt for reinsjegerar pga. koronarestriksjonar. Den vart opna att for reinsjegerar i 2022.

Den nye hytta er teikna med eit bruksareal (BRA) på 25,6 m². Det er lagt vekt på det praktiske og naudsynte, samt at hytta skal byggast i element som enkelt kan transporterast – for minst mogleg arbeid på staden. Ein ynskjer likevel noko meir ljøs inn i hytta, og utsikt for dei som skal vere der. Det blir derfor søkt om noko meir glas enn det som er frå før – men likevel atskilleg mindre enn det vart søkt om førre gong.

Ein ynskjer ei inndeling i hytta med eit lite soverom med plass til 2 enkle køyesenger (totalt 4 sengeplassar), ein gang – og eit felles opphaldsrom med stove og kjøkken (sjå vedlegg 9 for planteikning). I tillegg er det teikna inn ein hems for lagringsplass, overgang og soverom. Oppvarming blir med ein vedovn plassert omtrent midt i hytta. Det

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

6

blir ikkje lagt opp til solcellepanel verken til lading av ymse elektriske apparat eller til ljøs.

Skjåk Almenning er opne for å diskutere plassering av hytta. Alternativa slik dei ser det er å bygge på same tomt, eller flytte hytta nærare Glittervatnet og eksisterande bygningar langs vatnet. Det er om lag 400 meter ein veg for å hente vatn, og med tanke på fiske og bruken av nauset er det kanskje gunstig å flytte hytta nærare Glittervatnet. Trekket til villreinen vil uansett gå i dette området, og blir kanskje ikkje så påverka om hytta blir ståande der ho er nå, eller flytt nokre meter nærare vatnet - men ved å flytte ho nærare vatnet, vil ein i det minste få samla alle bygningar ved Glittervatnet. Dette avheng av om ein finn ei bra tomt med tanke på både stabile grunnforhold, minst mogleg snø om vinteren – samt brukbar utsikt. Det beste med dagens plassering er den flotte utsikta i alle retningar, samt at snøforholda om vinteren er gunstig med lett åtkomst inn i hytta – og det er ikkje sikkert at ein finn ei ny tomt som er betre enn den i dag.

Dei sanitære tilhøva er tenkt å løysast med ein kombinert do og skåle med plass til ved. Utedoen treng ikkje vere større enn 2 m², men ein ynskjer at utedoen er plassert slik som i dag – altså noko vekk frå hytta. Utedoen som er der i dag er plassert om lag 30-40 meter frå hytta, retning nord.

Skjåk Almenning søkjer også om å få transportert inn hytta i element med helikopter frå Botn. Det er vanskeleg å anslå kor mange turar som krevst, men dei er interessert i at dette skal vere eit minimum både av omsyn til kostnader og miljø. I tillegg må dei søkje om løyve til å rive den gamle hytta, samt transportere ned att material og ting som dei ikkje kan nytte. Denne transporten søkjer dei om å få løyve til å transportere med snøskuter sjølve, vinteren etter den nye hytta står ferdig (mest sannsynleg vinter / vår 2024).

Vurdering:

I høve til villrein er det fyrst og fremst bruken som er problematisk, ikkje storleiken eller utformingen av bygget. Det som talar mot bygging av ei ny bu er om bruksfrekvensen aukar. Meir utleige vil kunne føre til forstyrring av villreinen. Ein meiner å kunne unngå dette ved å setja vilkår om at eksisterande praksis med stenging av hytta i sårbare tidsrom blir vidareført. Dessutan at det ikkje blir kapasitetsauke på sengeplassar.

Glitterbu ligg i leveområdet for sørveststamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Området blir mykje brukt av villrein heile året og er også ein del av kalvings- og oppvekstområdet til villrein i sørveststamma (sjå kartet under). Det er normalt kalvingsperioden som er den mest såbare perioden for villrein, men også vinteren kan vera ei vanskeleg tid for villrein i dette området. Det er avgrensa med vinterbeite, og periodar med mykje snø. Einskilde år har det også vore problem med nedising av beite.

Det har neppe stor effekt på villrein om plasseringa av hytta blir som i dag eller om den blir fløtt nærmare vatnet. Villrein beiter og trekker forbi på båe sider av hytta der ho ligg i dag, og ein ser at villrein også brukar arealet heilt ned til vatnet. Likevel vil det normalt vera ein fordel å få samla buer i området på ein plass. Da blir det i større grad eit område som samlar menneskeleg aktivitet. Det er som regel betre enn å spreie buer og aktivitet over eit større område. Ein kan tenkje seg at villrein etter kvart vil reagere meir på aktivitetar og buer også i dette området.

Det som truleg har størst effekt på villrein er opningstidene til bua. Villreinnemnda endra litt på vedtaket frå fyrste til andre gong vi behandla denne saka. Både vinterperioden og

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7


kalvingsperioden er sårbare periodar for villrein i dette området. Utover vinteren vil oppsparte energireservar hjå villrein avta. Seinvinter og vår kan derfor vera ekstra krevjande. Det er derfor ynskjeleg at Glitterbu er stengt i kalvingsperioden og siste månaden før kalving (1. april til 15. juni). I tillegg bør den kunne bli stengt på kort varsel vinterstid om villrein oppheld seg i området. Det var stenging vinterstid som var årsaken til at villreinnemnda behandla saka på nytt i 2017 der vi endra litt på vedtaket frå 2016. Vurderinga var slik:

Skjåk Almenning ville ikkje gjennomføre ombygging dersom dette utlyste stenging heile vinterhalvåret og våren, men berre isolere eksisterande bu. Dei la vekt på at villrein er viktig for Skjåk Almenning og at dei hadde stor eigeninteresse av å skjerme villrein vintertid. Stenging på kort varsel var ikkje noko problem sidan dette ville bli lagt inn som ei føresetnad ved bestilling av Glitterbu. Skjåk Almenning har alternative hytter andre stader som kan bli brukt om Glitterbu blir stengt på kort varsel.

Under møtet i villreinnemnda vart det gjeve eit kort referat frå formøtet. Med den løysinga som vart framsett i formøtet har forvaltninga gjeve ansvaret for å hindre forstyrring av villrein i vinterhalvåret til Skjåk Almenning. Det er viktig at forvaltninga t.d. ved SNO bidreg med opplysningar om villrein oppheld seg i nærleiken av Glitterbu. Ei slik adaptiv forvaltning kan vere utfordrande å få til. Kanskje kunne det vere aktuelt å ha ei prøveperiode på til dømes fem år for å vurdere korleis det fungerer?

Stenging vinterstid gjeld i høve til kommersiell verksemd, ikkje forvaltningsoppgåver.

Villreinnemnda tykkjer framleis dette kan vera ei god løysing og ynskjer derfor tilsvarande vedtak når det gjeld opningstider som vi hadde i 2017.



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

8

Kartet syner kalvings- og oppvekstområde mellom anna rundt Glittervatnet.

Innstilling: Det blir gjeve løyve til oppføring av ny Glitterbu, plassering kan med fordel vera nærmare vatnet og dei andre buene i området. Glitterbu må vere stengt i perioden 1. april til 15. juni. I tillegg skal den bli stengt på kort varsel om vinteren når det er villrein i området. Dette gjeld stenging iht kommersiell verksemd, ikkje forvaltningsoppgåver.

Handsaming: Etter ei drøfting om ulike alternativ, landa nemnda på ei nytt forslag til vedtak: Primært bør hytte rivast ut i frå plassering i viktig og sårbart villreinområde. Dersom det blir gjeve høve til å restaurere / sette opp ny bu, må bruken bli sterkt avgrensa og bua må vera stengt frå 1. februar til 15. juni. Dette gjeld stenging iht kommersiell verksemd, ikkje forvaltningsoppgåver. Plassering kan i så fall med fordel vera nærmare vatnet og dei andre buene i området.

Det vart stemt over dei to forslaga. Det nye forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak: Primært bør hytte rivast ut i frå plassering i viktig og sårbart villreinområde. Dersom det blir gjeve høve til å restaurere / sette opp ny bu, må bruken bli sterkt avgrensa og bua må vera stengt frå 1. februar til 15. juni. Dette gjeld stenging iht kommersiell verksemd, ikkje forvaltningsoppgåver. Plassering kan i så fall med fordel vera nærmare vatnet og dei andre buene i området.

25. Søknad om oppføring av skilt i Reinheimen nasjonalpark og Lesjaskog heimrast til Brennho – høyring til villreinnemnda.


Lesja kommune har sendt fylgjande sak på høyring til villreinnemnda:

På vegne av Bjorli og Rånå grendeutvalg søkar ein om tillating til merking og oppføring av skilt til Brennho i Reinheimen nasjonalpark og Lesjaskog heimrast sinn grunn. Ein ynskjer å avgrense ferdselen inn i Asbjørnsdalen ved ein skiltar opp til Brennho. Det er behov for skilting ved Tverrbekken og på toppen av Brennho. Lesja kommune er positive til å få kanalisert ferdsel til å halde seg i randsona eller utanfor verneområdet, og ikkje vidare innover i verneområdet.

Med helsing

Sigurd Vie Alme

plan- og miljørådgjevar




Kartgrunnlag for funksjonsområde i Reinheimen-Breheimen ble oppdatert i samband med kvalitetsnormarbeidet. Området ligg i kanten av eit større kalvings- og oppvekstområde (Lordalen/Søre Løftet). Det er uheldig med ferdsel i dette området i kalvingsperioden. Elles i året er det primært ynskjeleg å kanalisere ferdsel utanom evt. sekundært til randsona av villreinområde. Planlegging av dagsturhytte og løyper til Rånåkollen bidreg til å kanalisere ferdsel vekk frå Asbjørnsdalen. Det er noko meir usikkert om skilting til Brennho vil ha same effekt, men truleg vil fleire velje denne turen i staden for å dra innover Asbjørnsdalen med Brennho som markedsført turmål. Det er sannsynleg at det blir meir folk i området rundt Bjorli framover med dei utbyggingsplanene som ligg føre der. Det blir derfor viktig med tilrettelegging av gode turløyper utanom villreinområdet for å kanalisere trafikken. Villreinnemnda er betinga positiv til denne skiltinga. Kan hende det er aktuelt med ei prøvetid på tre til fem år for å sjekke om tilrettelegginga fungerer slik den skal? Erfaring frå andre plassar tyder på at folk flest går til turmålet og ned att. Om


Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

tilrettelegginga derimot fører til auka trafikk vidare innover i området bør skiltinga bli fjerna att. Dette er det vanskeleg å klare å kartlegge så ein må truleg basere seg på den erfaringa ein har frå andre plassar.



Kartet syner at Brennhø ligg inne i kalvings- og oppvekstområde.



Kart over same område, men med fleire detaljar.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

Innstilling: Det blir gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein, men om ein klarer å redusere ferdsla vidare innover Asbjørnsdalen gjennom denne skiltinga, vil det totalt sett vera positivt for villrein.

Handsaming: Etter ei drøfting om ulike alternativ, landa nemnda på ei nytt forslag til vedtak:

Det blir ikkje gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein. Det er frykt for at skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området, ferdsla bør derfor kanaliseras dit.

Det vart stemt over dei to forslaga. Det omforente forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak: Det blir ikkje gjeve løyve til skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken. Brennhø ligg i kalvings- og oppvekstområde for villrein. Det er frykt for at skilting av rundløype opp til Brennhø via Tverrbekken kan føre til auka ferdsel innover Asbjørnsdalen. Merka stig opp til Rånåkollen er eit bra alternativ i dette området, ferdsla bør derfor kanaliseras dit.

26. Orienteringssak: Oppfølging av kvalitetsnormen for villrein – utarbeiding av tiltaksplaner

Utdrag frå brev frå Miljødirektoratet, heile brevet ligg vedlagt.

Kvalitetsnorm for villrein ble fastsatt ved Kgl. res. 23.06.2020. Kvalitetsnormen fastslår at dersom en fastsatt kvalitetsnorm ikke blir nådd, eller det er fare for dette, bør Klima- og miljødepartementet i samråd med andre berørte myndigheter utarbeide en plan for hvordan kvaliteten likevel kan bli nådd. Slike planer skal avveies mot hensynet til igangværende virksomhet av stor samfunnsmessig betydning i området.

Første klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene ble gjennomført og publisert våren 2022, jf. NINA Rapport 2126. De nasjonale villreinområdene er de største og mest intakte villreinområdene i landet og det er et mål at disse områdene på lang sikt skal oppnå god kvalitet etter normen. Klassifiseringen viser imidlertid at hele seks av de ti områdene har dårlig kvalitet. De fire øvrige områdene er klassifisert med middels kvalitet, og er dermed godkjent etter målene i kvalitetsnormen. Ingen områder har god tilstand. På bakgrunn av dette har Regjeringen besluttet at det skal igangsettes arbeid med tiltaksplaner for de aktuelle nasjonale villreinområdene, jf. pressemelding 05.10.2022. Sammen med situasjonen med skrantesjuka og villreinens endrede status til "Nær truet" på rødlista er dette også grunnen til at det skal lages en stortingsmelding om villrein, integrert med utvikling av tiltaksplaner.

Arbeidet med tiltaksplan skal ledes av den hovedansvarlige statsforvalteren for vedkommende villreinområde. Etter oppdrag fra Klima- og miljødepartementet ber Miljødirektoratet om at de aktuelle statsforvaltere setter i gang arbeidet så snart som mulig og i tråd med beskrivelsen nedenfor.

I første runde prioriteres arbeidet med tiltaksplaner for de seks områdene som fikk dårlig kvalitet i klassifiseringen; Setesdal Ryfylke, Hardangervidda, Nordfjella, Rondane, Snøhetta og Knutshø. Samtidig er det også viktig å rette fokus mot de områdene som oppnådde middels kvalitet. For at disse områdene skal få en positiv utvikling – og bevege seg i retning god kvalitet, er det avgjørende at man har en svært bevisst forvaltning av områdene. Derfor igangsettes nå også arbeid med tiltaksplaner for to av områdene som har middels kvalitet; Setesdal Austhei og Sølknletten. Setesdal Austhei grenser direkte til Setesdal Ryfylke som har dårlig kvalitet, og det er sannsynligvis en del utveksling av dyr mellom områdene. Disse områdene har fra tidligere en felles regional plan med handlingsprogram ("Heiplanen") og mye felles problematikk, og kan hensiktsmessig omfattes av samme planprosess. Det samme gjelder Sølknletten som grenser til Rondane, og der det også er en felles regional plan. De to øvrige områdene med middels kvalitet; Forollhogna og Reinheimen – Breheimen, avventes og vurderes i sammenheng med de resterende 14 områdene som skal klassifiseres i 2023.

I flere av de aktuelle villreinområdene pågår det parallelle prosesser som i en viss grad kan være overlappende med denne, for eksempel oppfølging av handlingsprogrammer til de regionale planene og utvikling av sti- og løypeplaner. Hver enkelt planprosess må finne gode samarbeidsformer i slike tilfeller.

Arbeidet med tiltaksplanen skal ledes av den hovedansvarlige statsforvalteren for vedkommende villreinområde(r). Norsk villreinsenter skal i samråd med leder være sekretariat for de ulike planprosessene, fordelt på Norsk villreinsenter Sør for de tre sørligste planene og Norsk villreinsenter Nord for de tre nordligste.

God medvirkning fra ulike sektorer, forvaltningsnivåer og organisasjoner vil være sentralt i arbeidet. Vi anbefaler at prosessen starter med at leder/sekretariat inviterer bredt til et fysisk oppstartsmøte så snart som mulig, og at deltakerne på dette møtet (og eventuelle suppleanter) etter ønske kan delta videre i en referansegruppe. På møtet nedsettes det også en mindre prosjektgruppe som får hovedansvar for det videre planarbeidet. Denne bør bestå av valgte eller utpekte representanter for de mest relevante aktørene i vedkommende villreinområde. Dette kan variere noe ut fra hvilke påvirkningsfaktorer det skal arbeides mest med. Viktige aktører i de fleste områder er imidlertid fylkeskommuner og kommuner, villreinnemnder og villreinutvalg, kraftregulanter, vegmyndigheter, landbruksnæring, DNTs medlemsforeninger og øvrig reiselivsnæring. Vi antar at det kan være hensiktsmessig med et fysisk oppstartsmøte og eventuelt avslutningsmøte med referansegruppa, og at øvrige møter i stor grad foregår digitalt. Dette er det imidlertid opp til de enkelte planprosessene å avgjøre. Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

13

vil være oppdragsgivere og mottakere av planene, og deltar ikke i arbeidet med å utvikle dem. Det kan imidlertid være aktuelt å delta i enkelte møter som observatør.

Innstilling: Teke til orientering

Vedtak: Teke til orientering

27. Orienteringssak – referat frå møte i villreinnrådet 14, november v/ Randi Rust

Det blir gjeve informasjon i møtet: -Stikkord frå Randi sine notat:

Fagdag i 2023: Forslag om å legge det til område i vest – Voss? Demonstrasjon – Bjørnar Ytrehus, prøvetaking?

CWD – Hardangarvidda: Kva skjer: Ekstraordinært uttak? Innstillinga frå Mattilsynet, MD og Landbruks- og matdepartementet. Kan bli ekstraordinært uttak i vinter om tilhøva ligg til rette.

Reetablering av villrein i Nordfjella sone 2: Bruke villrein med genotyper som er meir resistente mot CWD? Blir kanskje i 2024 eller 2025? Passiv eller aktiv reetablering? Friskmeldingsprosess i Nordfjella.

Ope møte på Otta: "Bevar villreinen i Rondane". Presentasjonar av mellom anna Per Jordhøy.

Gondolbane – Rossnos (1404 moh) i Hardanger. Statsforvaltaren har fremja motsegn til planane.

Innstilling: Teke til orientering

Vedtak: Teke til orientering

28. Orienteringssak – økonomi

Status pr 26.10. Sekretariatkostnader er ikkje fakturert enno. Kostnader til møtet i november er heller ikkje med. Nemnda vil derfor ha noko overforbruk i 2022 som forventa.

Skjermbilde: GL30
Bruker : 2780EDEI

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
2022: SFMR Prosjekt

Side: 1
26.10.2022 12:28:36

Prosjekt	Prosjekt(T)	Konto	Konto(T)	Kappost	Koststed	Regnskap (1)	Budsjett	Restbeløp (1)
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	5300	Styrer, råd og utvalg	114001	1580	106 176	150 612,50	44 437
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	5400	Arbeidsgiveravgift	114001	1580	15 315	21 236,36	5 922
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	5990	Annen personalkostnad	114001	1580	3 397	0,00	-3 397
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	6450	Leie av biler	114001	1580	2 758	0,00	-2 758
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	114001	1580	1 172	0,00	-1 172
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	6860	Møter eksterne	114001	1580	25 041	0,00	-25 041
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	6861	Møter interne	114001	1580	25 466	0,00	-25 466
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	114001	1580	20 068	0,00	-20 068
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	114001	1580	830	130 000,00	129 170
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	114001	1580	1 093	0,00	-1 093
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7400	Medlemskontingent	114001	1580	3 566	0,00	-3 566
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7772	Øreavrunding	114001		0	-1 150,00	-1 150
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen			114001		204 883	300 698,86	95 816
M40	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen					204 883	300 698,86	95 816

Innstilling: Teke til orientering

Vedtak: Teke til orientering

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

14

29. Orienteringssak – gjennomføring av villreinjakta i 2022

Totalt for villreinområdet vart det felt 634 villrein av ei kvote på 1065 = 60 % felling. Det er dårlegare felling enn ynskjeleg. Korleis skal ein klare å auke talet på fellingar utan at jakta blir ein større stressfaktor for villrein enn i dag?

Meir info om gjennomføring av jakta og bestandsforvaltning i møtet.

REINHEIMEN FELLINGSRESULTAT 2022

Rettighetshaver	Kommune	Fylke	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	Felt totalt	Utteke kvote	Fellingsprosent
			Kalv	Kalv	1,5 år	1,5 år	Eldre	Eldre	Sum	Sum			
Skjåk Almanning	Skjåk	Innlandet	26	32	9	6	43	52	78	90	168	273	62 %
Finndalen statsalmenning	Lom	Innlandet	6	6	3	1	12	16	21	23	44	84	52 %
Lia grunneigarlag	Lom	Innlandet	0	2	0	0	1	7	1	9	10	12	83 %
Vårdalen statsalmenning	Lom	Innlandet	1	1	0	0	0	3	1	4	5	5	100 %
Vågå fellesområde	Vågå	Innlandet	5	3	1	0	6	10	12	13	25	34	74 %
Lordalen statsalmenning	Lesja	Innlandet	10	7	3	5	28	26	41	38	79	176	45 %
Lesjaskog heimrast	Lesja	Innlandet	6	3	2	1	8	10	16	14	30	50	60 %
Lesja Heimrast	Lesja	Innlandet	1	1	1	0	5	8	7	9	16	33	48 %
Dovre vestsida gr.lag	Dovre	Innlandet	3	1	1	0	5	6	9	7	16	22	73 %
Grytten statsalmenning	Rauma	M&R	0	1	1	0	5	2	6	3	9	19	47 %
Fremmer Brøste	Rauma	M&R	1	0	0	0	3	1	4	1	5	10	50 %
Kabben/Hånådalen	Rauma	M&R	1	0	0	1	3	1	4	2	6	8	75 %
Tunga sameie	Rauma	M&R	1	0	0	3	2	2	3	5	8	10	80 %
Øverdalen grunneigarlag	Rauma	M&R	1	0	0	0	0	1	1	1	2	2	100 %
Medalen grunneigarlag	Rauma	M&R	1	0	0	1	1	0	2	1	3	3	100 %
Vermedalen jaktområde	Rauma	M&R	0	0	1	0	1	0	2	0	2	5	40 %
Voll statsalmenning	Rauma	M&R	0	0	0	0	0	0	0	0	0	2	0 %
Vallidal villreinområde	Fjord	M&R	5	0	1	1	4	3	10	4	14	23	61 %
Herdal grunneigarlag	Fjord	M&R	0	0	0	0	0	0	0	0	0	2	0 %
Tafjord/Muldal Reinj.v.	Fjord	M&R	0	1	0	0	1	1	1	2	3	3	100 %
Ø.Rødal-Kaldhussæter	Fjord	M&R	0	2	0	0	2	2	2	4	6	8	75 %
Nedre Rødal	Fjord	M&R	2	0	0	0	0	2	2	2	4	5	80 %
Geiranger grunneigarlag	Stranda	M&R	0	1	0	1	2	2	2	4	6	7	86 %
Geiranger Aust j.omr.	Stranda	M&R	1	1	0	0	1	1	2	2	4	4	100 %
Totalt			71	62	23	20	133	156	227	238	465	800	58 %

BREHEIMEN TOTALT FELLINGSRESULTAT 2022

Rettighetshaver	Kommune	Fylke	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	Felt totalt	Utteke kvote	Fellingsprosent
			Kalv	Kalv	1,5 år	1,5 år	Eldre	Eldre	Sum	Sum			
Skjåk Almanning	Skjåk	Innlandet	20	25	8	5	40	42	68	72	140	194	72 %
Luster fellesområde	Luster	Vestland	2	1	0	1	8	6	10	8	18	46	39 %
Stryn statsalmenning	Stryn	Vestland	2	4	0	0	2	3	4	7	11	18	61 %
Totalt			24	30	8	6	50	51	82	87	169	265	64 %

BREHEIMEN SØRVEST FELLINGSRESULTAT 2022

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

15

Rettighetshaver	Kommune	Fylke	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	Felt totalt	Utteke kvote	Fellingsprosent
			Kalv	Kalv	1,5 år	1,5 år	Eldre	Eldre	Sum	Sum			
Skjåk Almenning	Skjåk	Innlandet	1	5	2	3	13	8	16	16	32	47	68 %
Luster fellesområde	Luster	Vestland									0		
Stryn statsalmenning	Stryn	Vestland	2	4	0	0	2	3	4	7	11	18	61 %
Totalt			3	9	2	3	15	11	20	23	43	65	66 %

BREHEIMEN SØRØST FELLINGSRESULTAT 2022

Rettighetshaver	Kommune	Fylke	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	BUKK	SIMLE	Felt totalt	Utteke kvote	Fellingsprosent
			Kalv	Kalv	1,5 år	1,5 år	Eldre	Eldre	Sum	Sum			
Skjåk Almenning	Skjåk	Innlandet	19	20	6	2	27	34	52	56	108	154	70 %
Luster fellesområde	Luster	Vestland	2	1	0	1	8	6	10	8	18	46	39 %
Totalt			21	21	6	3	35	40	62	64	126	200	63 %

Innstilling: Teke til orientering

Handsaming: Innspel i møtet: -Korleis få ut fleire dyr utan å stresse dyra meir?
 Infoside – fordelar og ulemper med detaljert informasjon.
 To villreinkort pr jegar – kan redusere talet på jegerar om ein jeger er effektiv.
 Viktig å få spredt jegerane utover i terrenget. Unngå at dei klumpar seg saman.
 Tidlegare jaktstart på bukk?
 Lever inn att ubrukne jaktkort slik at dei kan bli seld på ny.
 Jaktslutt kl 19 – viktig for at villrein skal få fred til å beite, men går glipp av nokre skotsjansar?
 Lagsjakt
 Gode overgangsmoglegheiter

Vedtak: Teke til orientering

30. Referatsak - Sak 19-22 Omsyn til villrein i samband med rehabilitering av dam Berildvatnet - NVE - høyring

NVE har motteke detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Berildvatn. NVE ynskjer å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget som grunnlag for vidare handsaming av søknaden. NVE skriv fylgjande om kva tilbakemelding dei ynskjer frå høyringsparatane:

Villreinnemnda for Reinheimen og Breheimen: Dam Berildvatn ligg i nærleiken av Reinheimen og Breheimen villreinområde. Tiltaket er ikkje direkte i konflikt med villreinområdet, men vi sender likevel detaljplanen til villreinnemnda til uttale.

Vurdering:

Berildvatn ligg vest for Reinheimen-Breheimen villreinområde – sjå kartet under. I NINA-rapport 643 er det skrive litt om villreinen sin arealbruk i dette området tidlegare:

Gamle papir (intervju 1940–1960) frå Norsk Tindemuseum v/Arne Randers Heen viser at reinsdyr trekte ut Alnesdalen over Slettvikane og Stigen (Trollstigen) og heilt over til Berildsetrene (moglegvis Berilddalen i Norddal) og Bispevatnet. Dette heldt fram heilt til dei byrja med det nye veganlegget over Trollstigen ikring 1920. Randers Heen nemner også om at det var vanleg at reinen trekte over "Mainskreda" og til vestsida av Breitind (mot Trollvegen). Ikring 1910 vart det mellom anna sett 12 rein som låg på ein bre i Breitind.



Berildvatn er markert med blå ring. Kartet syner vestleg avgrensing av villreinområdet.

Villrein brukte dei vestlege områda i større grad før enn dei har gjort dei siste 30-40 åra (sjølv om ein har sett ei dreining mot auka bruk av vestlege areal dei siste to-tre åra). Men sjølv i eit langt tidsperspektiv har nok villrein i liten grad brukt areala i området Berildvatnet.

Villreinnemnda sine arkiv syner ikkje observasjonar i dette området.

Villrein i Reinheimen-Breheimen har avgrensa arealbruk. Det er ynskjeleg at den i større grad tek i bruk gamle leveområde og i større grad utnyttar vestlege beiteområde. Av den grunn er villrein som eventuelt skulle trekke langt vestover verdifull. Det er bukk på vårbeite som normalt trekker lengst vestover.

Generelt er villrein meist robust mot forstyrning på hausten. I vinterbeiteområder og kalvingsområder bør ein unngå forstyrning. Bukk på vårbeite i vestlege områder bør ein også unngå å forstyrre. Men sidan det er så lite sannsynleg at det kjem villrein inn i dette området bør det neppe vera styrande for tidspunkt for anleggsarbeidet. **Men dersom det likevel skulle**

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

17

bli oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet er det fint med avbøtande tiltak for å unngå å skremme reinen unødig. Aktuelle avbøtande tiltak er til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet. Det er ynskjeleg at t.d. villreinnemnda blir varsla om villreinobservasjonar i dette området (gjerne sms til 48190145).

Innstilling: Teke til orientering
Vedtak: Teke til orientering


31. Neste møte i nemnda

Vedtak: Om det blir behov kan vi gjennomføre Teamsmøte på vinteren. Men mest truleg blir neste møte i nemnda årsmøte saman med villreinutvalet i månadsskiftet april-mai.
Det er aktuelt å legge eit møte til området Turtagrø / Sognefjellet i samband med planer om hyttefelt aust for Turtagrø. Aktuelt med fellesmøte saman med nemnda for Sogn og Fjordane (iht villrein i vest-Jotunheim). Asbjørnsdalen er også eit aktuelt område for synfaring.

32. Eventuelt

Vedtak:

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær